

ØVRE SURNADAL IDRETTSLAG

SKIPA 23. SEPTEMBER 1900



100 år



Nils O. Fiske
f. 22.10.1869

Øvre Surnadal idrettslag vart skipa 23. september 1900. Sersjant Nils Fiske gjekk i brodden for å skipe idrettslag her. Han var såleis den første formannen i laget. Nils Fiske var som sersjant inne på eksis i 1900 i lag med sersjant Hillestad frå Meldal. Hillestad var da formann i Vollagrenda idrettslag og hadde greie på lovar og reglar for slike lag.

Fiske gjorde avtale med Hillestad og lærar Krog frå Rennebu om at dei skulle koma til Øvre Surnadal den 23. september i 1900. Dei sykla frå Rennebu og Meldal. Sykkel var eit svært nytt kommunikasjonsmiddel her på traktene den gongen. Fiske fekk kalla saman til møte på Sagatun, og i lag med Hillestad og Krog fekk han så starta idrettslaget her. Lærarinne Marit Krog var den første kasseraren i laget.

Johan L. Holten, Stobakken, var ein av styremedlemmene og vart formann etter Nils Fiske som reiste inn att på eksis snart. Formann nr. 3 var lærar O. Dalsegg, Moen. Peder N. Røv, Sagalund, overtok etter han og var formann i mange år, heilt fram til 1922, med nokre få års avbrot av Olaf Sæter og Lars G. Soleim.

Formennene frå 1922 og framover til i dag har vore:

Arnt Røv: 1922 og 1923.

Ola O. Sæter: 1924, 1926, 1927, 1928 og 1929.

Arne Sæter: 1930 og 1932.

Ola A. Moen: 1931.

John E. Fiske, Fiske, 1933.

Anders Dalsegg: 1934 og 1935.

Johan P. Moen: 1936.

Gunnar Solheim: 1937, 1941 og 1948.

Guttorm Sæter: 1938, 1939 og 1940.

Arne Sande, Sande, 1942.

Den 2. juni 1945 tok laget oppatt den offentlege idretten som hadde lege nede på grunn av idrettsstreiken mot nazistynet under krigen.

Lars P. Moen vart formann i 1945.

Peder Solheim: 1946, 1947, 1950, 1954 og 1966.

Ola Harang: 1948.

Olaf Aune Moen: 1951 og 1952.

John J. Fiske: 1953, 1955, 1956, 1957, 1961, 1962 og 1968.

Magnar Sæter: 1958.

Odd Solheim: 1959, 1960, 1964 og 1965.

Kåre Moen: 1963.

Olaf Fiske: 1967.

Lars P. Røv: 1969 og 1970.

Ingebrigt Aune: 1971, 1972, 1973, 1974 og 1975.



Styret ved 75-årsjubileet:

1. rekke frå venstre: Jon J. Fiske, kasserar; Ingebrigt Aune, formann; Oddbjørn Sæter, nestformann.

2. rekke frå venstre: Per O. Moen, styremedlem; Nils L. Moen, sekretær.

Etter 1975:

Per Brusset: 1976

Olav Joli: 1977

Ingebrigt G. Moen: 1978, 1994 og 1995.

Ola O Fiske: 1979.

Mikkel Kvammen: 1980, 1981, 1991 og 1992.

Jostein Rindal: 1982

Olav Bjarte Sande: 1983 og 1984.

John Reidar Ranes: 1985, 1986, 1987 og 1993.

Per Magne Aune: 1996 og 1997.

Per Dønnem: 1988, 1989, 1990, 1998, 1999 og 2000.

100 år utan kvinner!!



Styret i jubileumsåret

Frå venstre: John Einar Dalsegg, kasserer; Hildegunn Stengel, sekretær; Per Dønnem, leiar; Berit Halset, styremedlem, Elin Rugland Fiske, styremedlem.

MEDLEMMER.

Da laget vart skipa i 1900, var årspengane 10 øre pr. medlem. Seinare vart det 20 øre for vaksne karar og 10 øre for kvinnfolk og ungar. No er årskontingenten 50 kr for medlemmer over 17 år.

Laget har no 328 medlemmer.

I starten dreiv laget med gymnastikk på Sagatun. Nils Fiske og John Holten, Stobakken, var instruktørar. Det var berre mannfolk som deltok, men mellom dei var det både unge og eldre. Sidan har laget teke opp fleire og fleire idrettsgreiner, og vi vil her ta med litt av det som har hendt fram til i dag.

SKI.

Skisporten tok laget til med dei aller første åra. Utflukt på ski og konkurranserenn, både langrenn, stavlausrenn og seinare hopp, vart populære greiner som fekk stor deltaking etter den tids målestokk.

LANGRENN.

Ola Fiskegjerdet vann det første langrennet her. Det var i 1903, og det starta 12 mann. Vi let Ola sjølv fortelje: (Ord som i dialekta har ein lyd som ligg mellom æ og ø i f.eks. aust og haug, og lyden stj i f.eks. ski er skrive i *kursiv*).

-E starta på nommer 10. Det va godt før', og det va vesst koinnsnø ette så di kalla'n no. E ha goe *ski*. Det va ækte bjørk så va tjørrubrædd roindt'n om og smort med hæmlaga talgjøs. Bindingainn va tåfætta med *strøpræm* attom.hel'n. Det va en praktisk måte å bitj- på *skia* på, færre en koinn berre *skjekkje* på foten så hel'n kom e breidd med *skia*. Slik lagga vi *skyttarhel* fær å stryk' med i oinnabakkå, og så koinn en jerra det e motbakkå og så'n ikkje glatt så gælle.

E lånt me stava den da'n tå æn rindaling, kvainn det va kjem e ikkje *høg* lenger, minn det va bæste sort bambusstava med trygkrenglå tå rør og med lehømpå oppi stavå te handfæst Det va mykkjy ber' stava hæll dem e *før* va vant me. E bruka færre det mæst' berre æn stav når e for på jakt og slekkt.

E starta berre role, færre e ha il fot. E ha hille-på å drie ved di daggainn, og så klæmt e me så gælle.

Rennå jikk frå Sagatun nepå Sæterhøl'n og fortsatt færre det mæst' ette ælven ått Utestu'n å Røv. Viar oppåt Sagatrø'n og opp liinn der og lige atti Lomtjønndal'n. Østjønna der og frampå Grythøn og ned bænast utfærr ette væja te Sagatun. E va ikkje komminn lenger hell på Talgøypoll'n fær'n Jo Høkarhøja - så starta nomme ette me - jikk om me. Det va kjøle kar hainn for. Da tænkt e med me sjøl: Rart ska e ikkje få sjå-att na kar'n. Å jau, da. Da e kom ått Lomtjønndala, så sto'n på haua ti et tivelthol. Det va hæt kar det. E jikk fort frå nå da. Det ha vorre godt å drykkje færre me å da, minn e tøkt ikkje e ha tia.

Lenger østi nådd e att-nå' Ola Kattem. Hainn spor me om e villa framom, og det villa e, fær e ha il tia no. "E e ailldeles klar e," sa'n Kattem, og det såg det ut færre og, færre han va blæk, og så jikk'n og slång. Det va flær' og e jikk om, minn e kjem ikkje e høg kvainn det va aille.

Da e kom frampå Grythøn, vart e litt nervøs færre sa spei stavå så e ha te låns. Minn e klæmt te, og det jikk da det og. E bruka æn tim og ti menutt. Næstemann bruka æn tålv. Det va ikkje aill så kom-inn-att hell. Det va somme så jikk bænast hæg. Han Lars Sagen og Sæterkall'n allfall, og så råkkåmaker'n på Sæterhøja..

Minn det vart *stavløssrenn* uti Sætertrøa attpåatt. Det skoll værre nåslags kombinert. Da rolla e så støgt at e tænkt ikkje e komm-me-oppatt ålæn. E va færre ovant færre ruta stav. E nådd ikkje opp i kombinert, minn e fekk premi færre "dagens hurtigste løper". Det va'n Ola Kattem så vart føst i kombinert.

På same tid var det og "bakkarenn" for kvinnfolk. Det viser oss at laget her var tidleg ut med skikonkurranse for "det svake kjønn". Denne "bakkarenn" skulle rennast to gonger og var lagt i Rabben. Beret Solemsmelen, som seinare kom til Røvskleiva, og Gjertrud J. Sande, Sandholtstua, vart jamne i denne konkurransen, og måtte da "renn sundt" att. For å få verkeleg avgjerd i det, så skulle dei renne hopp. Beret Solemsmelen gjekk da av med sigeren med

sitt hopp. Gjertrud Sandholtstua vart visstnok for sein i satsen, for ho hoppa i det heile tatt ikkje, men rende berre over hoppen.

Det vart utdelt tre premiar. Gurå Sæterhaugen fekk den tredje sjøl om ho hadde fall i andre omgangen. Av andre som var med var Rannei Solemsøya og Oline Sagatrøa på Sande.

Ei skulejente, Mathea Sæter, deltok også i første omgangen. Ho tok både bakken og publikum med storm, men ho vart så "unnsela" av den kraftige publikumsropinga at ho kom seg ikkje til å renne oftare den dagen. Oline Sagatrøa kunne heller ikkje delta i andre omgangen, for "vidjefettan" hennar gjekk av. Det var truleg vanskeleg å finne ei ny vidje akkurat den dagen.

N. Nilsen på Gulla hadde gjeve ein premie til "den beste rennar". Premien var eit fløytestell av krystallglas. Beret Solemsmelen var da den som fekk denne svære, fine premien.

Noko seinare, i 1905, var det atter langrenn. Også den tida var det spørsmål om dyktige dommarar. Men kanskje dei var for dyktige desse karane som fekk den store æra å dømme idrettsprestasjonane. Dei gjekk i alle fall over grensa vår, for den løparen som den dagen hadde den beste tida, velta seg ned i snøen etter at han hadde gått over og forbi målet, og vart dermed dømt ned til andreplass. Løparen sjølv tykte naturlegvis dette var leitt, og da namnet hans vart oppropa som nr. 2 på premieutdelinga, svara han at premien kunne falla attende til laget. Og det vart gjort.

TRENING.

Dei første skirennarane våre tok ikkje treninga og førebuinga til renna så alvorleg som no for tida. Direkte trening var det ikkje tale om, og førebuinga var det ofte berre så som så med, og renna kom ofte noko brått på løparane. Ein gong det skulle vere langrenn ved Sagatun ein søndag, kom eine løparen frå Rindal heim frå arbeid om laurdagskvelden og gjekk straks i gang med å lage seg ski av store, svære skiemne med sjølvbrett. Kva tid om natta han var ferdig med arbeidet er det ikkje nokon som veit, men seint vart det sikkert, for gutungen som var så

ivrig oppteken med å hjelpe han, laut gå å legge seg, for han hadde somna under arbeidet. Men om morgonen var skia ferdige med sjølvbrett og gåsehals med knopp framme, tjørebreidd rundt og med "lærfætta" og straupreim. Riktig eit svært skipar, og løparen stilte til start i fin-fin form.

Seinare skulle det vera langrenn ved Sagatun att. Ein av løparane som hadde lang veg, over halvmila, kjende da når han gjekk på ski til Sagatun at han var for utrena. Han tok like så godt ein avstikkar opp i skogen og gjekk seg opp ei treningsløype som han gjekk temmeleg lenge og hardt i. Deretter for han til Sagatun og stilte på starten i kjempeform og gjekk – frå alle mann.

1948 vart det første kretsmesterskapet i stafett for Nordmøre arrangert. Øvre Surnadal i.l. vart kretsmester med Olaf Dønnem, Einar Sæter, Gunnar Solheim og Peder Solheim på laget. Dei same karane hadde to år tidlegare sensasjonelt gått til topps i Skårarennet og fekk "Skårapokalen" til beste 4-mannslag.

I 1957 tok Øvre Surnadal i.l. eit nytt stafettmesterskap for Nordmøre, og denne gongen var det Georg Solberg, Sverre Dalsegg og John J. Fiske som gjekk.

Stafettradisjonen vart ført vidare med eit jentelag, som først på 70-talet vart kretsmestrar i fleire år.

På 80-talet kom tre nye jenter som hevda seg svært godt. Oddrun Harang, Berit Joli og Guri Sande hadde mange gode plasseringar i stafettar og individuelle konkurransar, med deltaking så vel lokalt som i Norgesmesterskap.

Øvre Surnadal var i 1980 representert med herrelag i NM-stafett. Laget gjorde ein bra innsats og kom om lag midt på resultatlista. Med på dette laget var Arne O. Sæter, Bård Magne Sande og Odd Magnar Gjeldnes.

Deltakinga i langrenn har gått opp og ned gjennom åra, men laget har jamnt over hatt svært stor deltaking i forhold til medlems-/folketalet.

Dei aller siste åra har talet på aktive langrennsløparar i yngste klassane vore lågt. Men interessa og oppmøtet når laget har arrangert "langrennsknapp" i Holtamoan, har vore veldig bra, så vi har ikkje mangel på rekruttar.

HOPPBAKKAR.

Gutungane var dei første som tok til med hopprenning. Rabben, opp for Sagatun, var den beste bakken. Under eit premierenn der vart dei reint for gode til den eine dommaren som i undring ropa ut: "Det er rart kva eit menneske kan prestere!" Ein gutunge hadde då hoppa 14 meter.

Seinare har det vore hopprenn i fleire bakkar. Solvangtrøa og Solemshaugbakkane var populære, og det vart delvis hoppa der til langt utpå 60-talet. Elles vart Vollatrøa ovanfor skulen mykje bruka, og mange av dei beste hopparane i klubben fekk sine første hopp der.

I 1915 arbeidde laget opp "Litjbakken" i Sætertrøa. Denne bakken vart bruka i alle år fram til 1970. I 1919 var det første rennet i Sæterbakken, og det vart vunne av Ola H. Røv som hoppa 28 meter. Bakken var planlagt og opparbeidd av Ola O. Sæter og Ola H. Røv.

Bakken vart ombygd i 1949 for å tilfredsstille nye krav. Hoppbakkeleiga vart dekt på ein original måte. Etter kontrakten var laget forplikta til å plante 2500 granplanter i ein tidsbolk av 10 år, og for dette fekk laget leige bakken i 25 år.

Laget har arrangert mange skirenn i løpet av desse åra. I 1956 arrangerte Øvre Surnadal kretsrenn med 41 langrennarar og 21 hopparar. Til dette rennet fekk laget ei gåvepremie frå Tore Skjermo til minne om at det var 50 år sidan han første gongen deltok i skirenn. Premien sette han opp til beste hoppar frå Ø.S.I.L., og det vart Leif L. Mauset som fekk han.

I 1959 deltok dei fremste løparane i landet både i langrenn og hopp, og dette er vel kvalitetsmessig det beste rennet som har vore arrangert i Øvre Surnadal. Toralf Engan, som seinare vart både verdensmester og olympisk mester, gjekk til topps i hoppbakken.

I 1965 vart det siste rennet i den gamle Sæterbakken arrangert. Bakkerekorden i denne bakken var 58,5 m og sett av Asbjørn Aursand frå Byåsen i.l. i 1962. Han var og den første i Norge som hoppa over 100 meter. I siste rennet vart rekorden tangert av Perloff Staveli frå Stavne.

Året etter vart vegen omlagt og bakken øydelagt, og laget måtte dermed sjå seg om etter ein ny. Øvre Surnadal i.l. fekk 30 000,- kr frå Statens Vegvesen i vederlag, men dette strokk ikkje til på grunn av vanskelege terrengtilhøve.

Den 8. mars i 1967 vart arbeidet med den nye bakken oppstarta. I 1968 vart bakken teken i bruk, og Ola O. Fiske sette den første bakkerekorden med 64 m.

I 1971 rasa bakken ut etter ein heilt unormal nedbørsperiode, og det heile såg håplaut ut. Etter god innsats oppnådde vi å få skadebot frå Statens Naturskadefond, og fekk dermed eit økonomisk grunnlag for å utbetre skadane, men bakken vart nok ikkje så bra som før.

Gjeldande bakkerekord i den største bakken er 67,5 m og sett av Stian Ervik frå Løkken.

Ut over på 70-talet vart det lagt planar for å få til to mindre bakkar i same området, og i 1976 vart det vedteke at hoppbakkeanlegget skulle utbyggast. I 1979 vart teikningane godkjende av S.T.U.I. og laget vart innstilt til 22000,- i tippemidlar som og skulle omfatte bygging av dommar- og trenartribune. Samtidig vart laget tildelt ein tilsvarande sum i kommunale midlar. Med stor dugnadsinnsats i tillegg, stod anlegget ferdig i 1981.

Frå 1979 oppnådde dei to største bakkane status som regionanlegg, og laget mottok årleg stønad frå kommunen og fylket til vedlikehald og

prepareringsarbeid. Desse pengane vart mellom anna bruka til hus for vinsj, tribune og oppbygging av kulen i den største bakken.

I samband med orkanen i nyttårshelga i 1992 rasa kulen på 45-metersbakken ut, og jordmassar la seg i 35-metersbakken, samtidig som ei lysmast kom ut av stilling under stormen. Også denne gongen oppnådde laget å få naturskadeerstatning for rasskadane, og forsikringa dekte skadane på lysanlegget.

Fleire ildsjeler sørja for at bakkane var i hoppklar stand til ei kvar tid, og anlegget vart periodevis mykje bruka. Men utover på 90-talet har bakkane vorte mindre bruka både til trening og arrangement. Vertilhøva får ta litt av skulda for dette, men dessverre ser det ut til at rekrutteringa er dårleg både i laget vårt og fylket elles. Det er derfor uvisst kva for status hoppbakkeanlegget vil få i framtida.

PRESTASJONAR I HOPPBAKKEN.

Hoppporten kom tidleg inn i laget, og med Sæterbakken som utgangspunkt har klubben fostra mange topp utøvarar opp gjennom åra.

Frå 60-talet og utover dominerte hopparane frå Øvre Surnadal premielistene både på lokal- og kretsplan. Fleire hevda seg og med glans i større samanheng.

Kjell Fiske, Ingar Fugelsøy og Bjørn Fiske dominerte totalt i guteklassane gjennom mange år, og følgde seinare godt opp i juniorklassen.

I 1967 vart Per Dønnem nr. 3 i hovudlandsrennet kl. 14 år. Dette var eit uoffisielt Norgesmesterskap, og det var ein prestasjon som hang svært høgt.


Tradisjonane vart ført vidare på 70-talet, og Olav Magne Joli vart områdemester i klasse 13 år i 1975. Som ein kuriositet kan nemnast at Hroar Stjernen, noverande sjef for hopplandslaget, kom på 3. plass.

Lengst hoppkarriere i klubben har utan tvil Ola O. Fiske. Han markerte seg tidleg som eit stortalent, og var mellom dei beste hooperane i fylket i

fleire ti-år. Han toppa karrieren med å bli Norgesmester i veteranklassen to gonger, og fekk tredjeplass i verdensmesterskapet for veteranar i 1994 i klassen 50-54 år.

EIN STORHOPPAR PÅ GANG.

I Donald Duck-leikane i 1992 dukka det opp ein ukjent 12-åring frå Øvre Surnadal. Han overraska alle med å bli nr. 2, og denne prestasjonen bar bod om at noko heilt stort kunne koma. Minst overraska var likevel interesserte hoppvenner i nærmiljøet. Både på skuleskidagar og under trening i Sæterbakken, hadde vi lagt merke til at Olav Magne hadde ein utruleg spenst og eit ekstra godt lag på ski, og vi ante at Øvre Surnadal her kunne få ein utøvar heilt i verdensklasse.



Heldigvis hadde Olav Magne ambisjonar, og som 15-åring begynte han på skigymnaset på Heimdal. Han glei godt inn i miljøet i Trønderhopp, gjorde ein oppsiktsvekkande framgang i hoppbakken og vart lagt meir og meir merke til. Olav Magne viste både fysisk og psykisk styrke, var flink til å jobbe med dei oppgåvene han fekk og oppnådde etter kvart stor tillit hos trenarane.

Som 17-åring vart han Norgesmester for juniorar i normalbakke. Likevel hadde sesongen sett under eitt, vist at han var aller best i store bakkar og likte å flyge langt. Og i 1999-sesongen fekk han vist dette til fulle. I skiflyginga i Planica oppnådde han ein 6. og 8. plass med eit lengstehopp på 199 meter.


Største prestasjonen gjorde han likevel i WC-rennet i Harrachov, der han tok ein 4. plass i det eine rennet. Da leda han faktisk etter første omgang og stod åleine att på toppen etter at heile verdenseliten hadde hoppa før han. Det var ein eventyrleg situasjon for ein unggut, og han har sjøl uttala at han mest ikkje trudde det var sant der og da.

Men det aller "gauaste" var det som hende siste dagen i januar i 1999. Da sette Olav Magne likegodt bakkerekord i Holmenkollen under eit Norgescuprenn der. Det må vel vera den likaste bakken i verda å ha bakkerekorden i. Seinare på vinteren vart han beste nordmann i Holmenkollrennet. Same sesongen vann han og den samanlagte Norgescupen i eliteklassen og vart kåra til årets idrettsutøvar i Møre og Romsdal.

I 2000-sesongen var VM i skiflyging på heimebane det store målet. Under spesielle forhold i Vikersund gjorde han ein god innsats med 19. plass. Det er verd å merke seg at han første dagen hoppa 176 m, men rennet vart desverre stoppa da berre 4 hopparar stod att, og til da var det berre to som hadde hoppa lengre enn Olav Magne. Ergerleg!

2000-sesongen vart ikkje like god som knallsesongen i 1999, men ved slutten av vinteren kunne han likevel sjå tilbake på ein god sesong, der han mellom anna sikra seg plass i den fornemme 200-metersklubben. Det skjedde da han landa på 200,5 m under lagkonkurransen i skiflygingsbakken i Planica. Trass i at plasseringar heilt i toppen mangla, viste Olav Magne gong på gong det store potensialet han sit inne med.

Dette veit sjølsagt trenarane, og han har fått fornya tillit på landslaget og er heilt klart med i framtidsplanane som landslagsleiinga har lagt.



Olav Magne har fått utruleg fin presseomtale desse åra, og ein kunne ha skrive side opp og side ned om han. Vi vil likevel avslutte her med å understreke at vi alle er kjempestolte av han, og at vi gler oss til å følgje han vidare både i tankane og på TV-skjermen.

FOTBALL.

Fotballsporten kom tidleg inn i laget. Den første fotballplassen var i Solemsøyane kring 1905. Sidan har det vore spela fotball både på "Fjellet" i Moen, "Snippen" på Sæter, "Storøra" på Mauset, "Storøra" på Skjermo, "Kjeøra" på Sæter, "Mogjeret" og "Småøyan" på Røv. "Småøyan" vart brukt heilt til 1970, da banen vart nedlagt og oppløygd. Etter denne tida, og fram til 2000, har laget vore utan fast idrettsbane.

Den som følgjer med fotballsporten no til dags, trur kanskje det er forholdsvis moderne utstyr dette med leggbeskyttarar, men dei er ei gamal oppfinning.

Frå dei aller første gongene i Solemsøyane vart det bruka leggbeskyttarar. Ikkje av filt, vatt og plastikk, men ei svær never som dei bretta rundt leggene. Det var absolutt nødvendig, for det var rett som det var at ballen var på ein annan kant enn dit foten var innsikta, og da knakk det som regel i leggen til motspelaren.

Det har alltid vore vanskeleg å bli heilt samd med dommarane i konkurransesport. Ein gong fotballaget var i Rindal på kamp, vart det svært vanskeleg. Laget vårt leia stort etter første omgang og langt ut i andre omgang, men så vart det kjekling på harde livet, og det var ikkje anna å gjera enn å slutte av kampen.

Sportsleg har det gått både opp og ned, men laget kan mellom anna vise til avdelingsmesterskap i 2.divisjon i 1938, og pokal for fotballturnering i Indre avdeling. Siste året laget deltok i serie med seniorlag var i 1968. Øvre Surnadal i.l. spela da i 5.divisjon.

Sjølv om idrettslaget ikkje har hatt eigen fotballbane sidan 1970 og heilt fram til no i år, har det vore ein god del organisert aktivitet på fotballfronten.

I 1977 og 1978 var Øvre Surnadal i.l. med i ein lokal småguteserie saman med lag i frå Todalen, Bæverfjord, Bøfjorden, Halså og Valsøyfjord. Øvre Surnadal i.l. vann denne serien begge åra.

I 1981 hadde Øvre Surnadal i.l. eit gutelag med i seriespel organisert av fotballkretsen. Laget fekk låne bane av Rindal i.l., heilt vederlagsfritt, både til trening og kampar. Grunnlaget for å stille 11-manslag var noko spinkelt, så Øvre Surnadal i.l. enda på sisteplass i serien.

Frå 1982 og fram til i dag har Øvre Surnadal i.l. hatt eit meir eller mindre organisert samarbeid med Rindal i.l. / I.K. Rindals-Troll og Surnadal i.l. når det gjeld fotball.

Mest årleg har først og fremst Rindal i.l. / I.K. Rindals-Troll rekruttert ein 3-4 spelarar frå Øvre Surnadal til dei ulike laga sine. Vi skuldar rindalingane stor takk for dette, men dei har og på si side hatt både bruk for og glede av ungdommane frå Øvre Surnadal.

Øvre Surnadal i.l. har som tidlegare nemnt, ikkje hatt seniorlag i fotball sidan 1968. Men det kunne ha vore interessant å fabulere om kva for lag Øvre Surnadal i.l. kunne ha stilt med i ein periode frå midten av 80-åra og utover. Hadde ein samla dei spelarane frå Øvre Surnadal som da deltok for andre klubbar, kan ein sjå for seg eit svært sterkt fotball-lag. Vi nøyer oss med å trekke fram tre namn: Arne O. Sæter og dei to onklane hans, Kjell og Bjørn Fiske. Kjell spela for Steinkjer da dei var i øvste divisjon, og han var og landslagsaktuell. Bjørn var i ei årrekke støttespelar på KFK i Kristiansund, og Arne var mellom anna trenar og spelar for Surnadal i.l da dei var i landets nest øvste divisjon.

Kjell og Bjørn var og svært dyktige skihopparar i guteklassane, og Arne O. har vel delteke i mest alle dei idrettsgreinene som Øvre Surnadal i.l. har hatt på plana.

Dei siste åra har fotballen i Øvre Surnadal i.l. igjen fått ein skikkeleg oppsving blant dei yngste. I jubileumsåret kan idrettslaget gle seg over å ha teke i bruk ein ny, fin fotballbane ved Mo skole, og Øvre Surnadal i.l. stiller i år med to aldersbestemte lag i kretsserien. Så fotballgruppa er i dag den største og mest aktive gruppa i idrettslaget. Dette skuldast sjølvsagt mange ivrige jenter og gutar, men ikkje minst ein gjeng med svært engasjerte og dyktige trenarar og leiarar.

Vi ønskjer fotballgruppa lykke til med åra framover.

HANDBALL.

I 1946 tok laget opp den nye og populære handballsporten, men det var berre jentene som dreiv det til noko.

Øvre Surnadal vart kretsmester i klasse B i 1948, og elles vart det mange singlar i turneringar og private kampar.

Vidare tok jentene kretsmesterskapet i 1951. I desse åra var handballaget av dei aller beste på Nordmøre, og fleire av spelarane deltok på kretslaget.

Øvre Surnadal deltok siste gong i serie i 1966, og fekk da 2. plass i Nordmørsserien.

FRIIDRETT.

Friidretten låg lenge noko etter dei andre greinene, men etter krigen auka interessa, og det vart etter kvart mange som avla prøve til idrettsmerket. Laget arrangerte sjøl idrettsmerkeprøver for første gong i 1947.

På 1970-talet og først på 80-talet var det enkelte som hevda seg godt i friidrett og sikra seg fleire kretsmesterskap.

Eit par jenter gjorde også sterke prestasjonar både i baneløp og terrengløp. Laget hadde og eit herrelag som deltok i stafettar rundt om i kretsen.

Naboklubben Rindal i.l. starta først på 80-talet opp ei større friidretts-satsing på herresida, og dette medførte at dei mest aktive melde overgang dit. Friidretten har no i fleireår vore utan aktivitet, og laget er ikkje lenger medlem av friidrettsforbundet.

ANDRE GREINER.

Sykling og svømming har vore drive som prøver for merke. I 1937 vart det for første gong køyrt om sykkelmerke. Her vart det opphald under krigen. Prøver til svømmeknappen kom i gang i 1946. Begge desse aktivitetane var årvisse arrangement i ei årrekkje.

Først på 80-talet hadde laget ei aktiv alpingruppe, med fleire utøvarar som hevda seg bra i aldersbestemte klassar. Eldsjel og oppmann i mange år var Ingebrigt Fiske.

Det kan og nemnast at i dag har Øvre Surnadal i.l. medlemmer som har sykla Den store styrkeprøven, som deltek aktivt i terrengsykling og som konkurrerer i telemarkkjøring.

”HEIDER OG ÆRE”.

Først på 90-talet vart det vedteke at ein kunne dele ut heiderspris eller prestasjonspris til medlemmer i laget som ein meinte hadde gjort seg fortent til dette.

Første heidersprisen vart delt ut i 1992, til Olaf O.Fiske. Han fekk prisen for aktiv deltaking i idrett i yngre år, for i mange år å ha vore med i styre og stell i laget, og ikkje minst for den store innsatsen under utbygginga og med vedlikehald av den nye Sæterbakken.

Same året fekk Jan Sæther prestasjonspris for god plassering i junior-NM i langrenn.

I 1993 fekk Jon J. Fiske heiderspris for ein aktiv karriere som svært dyktig langrennsløpar, og for administrativt arbeid i laget gjennom mange år.

Ola O. Fiske fekk i 1994 prestasjonspris for NM-gull og VM-bronse i veteranhopping.

Olav Magne Dønnem fekk prestasjonspris i 1993, 1998 og 1999 for resultat oppnådd i hoppbakken.

Elles kan nemnast at i 1999 fekk Arne O. Sande skimerkestatuetten i gull og Olav Joli i sølv.

ØKONOMI.

Ein kan vel seie at laget opp gjennom tidene har hatt ein forholdsvis "sunn" økonomi, med eit nøkternt pengeforbruk. Men dei som har vore med og drive idrettsarbeid, veit og at ein stor del av arbeidet går med til nettopp å skaffe dei pengane som trengst.

Medlemskontingent er sjølvstøtta ein del av inntektene til eit idrettslag. Andre inntektsbringande tiltak som kan nemnast, er bingodrift, som vart starta opp i samarbeid med skyttarlaget i Øvre Surnadal. Dette må ein vel kunne seie var hovudinntektskjelda i mange år.

I dei seinare åra har idrettslaget teke inn gode pengar på reklameplakatane som er sette opp ved Sæterbakken. Vi vil i denne samanhengen nytte høve til å takke dei bedriftene som er med og støttar oss. Ein god del av pengane til laget kjem og frå kommunale kulturmidlar.

Til slutt vil vi takke Surnadal Sparebank, som i ei årrekkje har vore hovudsponsor for Øvre Surnadal i.l.

Det er ingen som helst tvil om at det er eit stort pluss for eit lokalsamfunn å ha eit idrettslag. Dette knyter folk saman på så mange måtar. Eit døme på dette er 17.mai-arrangementet, som idrettslaget har tatt seg av kvart år sidan 1946, med unntak av ein gong.

Til den 17.mai 1965 fekk laget ny fane. Magda Solheim laga fana som gåve til Øvre Surnadal i.l.

Både dette arrangementet, idrettsarrangement og andre oppgåver innafor idrettslaget krev at det er mange som hjelper til. Av og til kan somme sjå på dette som eit ork, men det har mellom anna den positive sida at folk må koma saman og løysa ei oppgåve i fellesskap. Det kan etter kvart sjå ut til at folk har nok med sit eige, kvar for seg, og at fellesskapskjensla er på veg ut. Dersom dette er rett, blir det vanskeleg å driva idrettsarbeid i tida framover. Ofte blir det dei same tillitsmenn og -kvinner som går att år etter år, og sjølv om desse har gjort godt nok arbeid, er det ikkje til å unngå at dei kan gå trøytt etter kvart.

Det er langt meir arbeid å drive eit idrettslag enn mange er merksame på, og når dette arbeidet må delast på så få, år ut og år inn, er det fare for at tilbodet ikkje blir breitt og godt nok. Dermed vil interessa for idretten gå tilbake, noko som i neste omgang kan bli til uboteleg skade for lokalsamfunnet. Behovet for fleire tillitspersonar er stort, og håpet vårt i jubileumsåret er at fleire vil gå aktivt inn i laget og ta eit løft når det trengst. Berre på denne måten kan vi ha von om framgang i breidde og kvalitet i åra som kjem. Dette trur vi at alle i laget vil få glede av på lang sikt, enten dei er idrettsinteresserte eller ikkje.